


# Medverknad og kommunikasjon

Arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune 2021-33

Demokrati, identitet og samskaping er eit satsingsområde i samfunnsdelen av kommuneplanen. Mål og strategiar under dette området er førande for medverknad og kommunikasjon i planprosessen:

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
<b>Innbyggjarar i Midt-Telemark opplever tilhøyrrighet til ny kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikrar medverknad i alle planar og i utviklingsprosjekt</li><li>• Sikrar barn og unge innverknad i saker som angår dei</li><li>• Gir innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar gjennom dig. løysingar</li></ul>
<b>Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Høyrer frivillig sektor i aktuelle saker</li><li>• Samarbeider og har regelmessig dialog med frivillige lag og org.</li></ul>
<b>Kommune, næringsliv og innbyggjarar har tillit til kvarandre</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommuniserer tydeleg og opent med innbyggjarane og gir rom for deltaking</li><li>• Legg til rette for innsyn og openheit i besluttingsprossar</li></ul>

Kommunen kan legge til rette for medverknad, samarbeid og samskaping der lokalsamfunnet får ulike grad av innflyting, sjå illustrasjon under. For å nytte tilgjengelege ressursar i planarbeidet mest mogleg effektiv, er det viktig å prioritere på kva nivå av innflytelse ein skal legge til rette for for ulike interessegrupper. Nedanfor er interessegruppene plassert på dei ulike nivåa frå figuren under.



Kommunestyret er prosjekteigar og fattar endeleg vedtak av planen og har saman med formannskapet som planutval høgaste grad av innflytelse. Kommunestyret behandla sak om oppstart og forslag til planprogram i haust, godkjente planprogrammet i februar og får planen til endeleg godkjenning på nyåret 2021.

Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet og vil vere tett på dette m.a. gjennom grovsiling av innspel, drøfting av resultat av konsekvensutgreiinga, synfaring og drøftingsmøte og behandlar kommunedirektøren sitt forslag til plan før den leggst ut til offentleg ettersyn hausten 2020. I kvart formannskap vil prosjektleiar gje ei munnleg orientering om status for planarbeidet.

### Samarbeid og rådsordningar - nivå 4

Politisk oppnemnde råd og utval bør ha innflytelse på dette nivået.

- Hovudutval for plan, teknikk og næring har ei sentral rolle i oppfølging av planen, og bør involverast særskilt i arbeidet. Prosjektleiar informerer om status i planprosessen i kvart utvalsmøte og ein legg opp til ei grundigare orientering i utvalsmøta i mai og august.
- Ungdomsrådet blir involvert i planarbeidet på lik line med andre råd og utval, men kommunen har eit særskilt ansvar for å legge til rette for medverknad frå barn og ungdom, og det bør difor i tillegg leggst opp til anten eit eige arbeidsmøte med ungdomsrådet eller eit opplegg i ei eller fleire skuleklasser der planarbeidet kan knytast opp mot evt. undervisningsopplegg knytt til FNs berekraftsmål. Prosjektgruppa er i dialog med ungdomsskulane om dette.
- Eit utval elever frå barneskulen, evt. barnehagebarn, inviterast med for å vurdere leikeplassane som er opparbeid i tråd med krav i gjeldande planar for å få innspel til om det er behov for endringar i krava.
- Hovudutvala for helse og oppvekst, råd for funksjonshemma og eldreråd får orientering om planarbeidet i juni.
- Når planforslaget er klart til 1.gongsbehandling i formannskapet, meldast saka opp for alle råd og utval i forkant slik at dei kan gje si uttale før formannskapet behandlar planforslaget.

### Dialog – nivå 3

Ideelt sett bør alle interessegrupper og berørte grunneigarar ha innflytelse på dette nivået.

Ambisjonene må likevel leggst på eit nivå som det er kapasitet til å følgje opp, både med omsyn til praktisk gjennomføring og oppfølging av innspel i etterkant. Store, opne møte er lite eigna til dialog, men meir eigna til informasjon. Prosjektgruppa vil difor ikkje tilrå folkemøte for å nå mange i denne fasen, men at utvalte grupper blir invitert til møte for å drøfte utvalte tema. Aktuelle tema og målgrupper er vist under, og møta bør arrangerast i samarbeid med MTNU og Visit Bø der dette er relevant:

- Bustadbehov og føresegner for utbygging – eigedomsutviklarar, entreprenørar, hytteprodusentar, eigedomsmeklarar, boligbyggelag
- Natur, friluftsliv, idrett og strandsone – turlag, idrettsråd, miljøorganisasjonar, reiseliv
- Utbyggingsmønster og reiselivssatsing på Lifjell – grunneigarar, næringsaktører, løypelag, turlag
- Næring – Sentrumringen, MTNU, Gvarv vel- og næringslag, Visit Bø
- Landbruk – landbruksorganisasjonar
- Konsekvensar av utbyggingsformål - forslagsstillarar med innspel som går vidare til trinn 2. Forslagsstillarande blir kontakta for å få utdjupande informasjon om innspelet etter grovsilinga.
- Naturfare og beredskap – beredskaps- og naudetatar involverast når ROS-analyse er klar

Regionale myndigheitar: Det er avgjerande å samarbeide med regionale myndigheitar i tidleg planfase og før ferdigstilling av planutkast for å avklare evt. konflikhtar med regionale og nasjonale interesser og slik legge til rette for å unngå motsegn til planen. Det leggst difor opp til regionalt

planforum før sommarane når eit grovutkast til plan begynner å bli klart.

Ved utarbeiding av planen kan ulike digitale løysingar nyttast for å kome i dialog med «folk flest» om sentrale spørsmål i planarbeidet, forslag til løysingar osv. (t.d. Maptionnaire). Om ei slik løysing kan takast i bruk vil vere avhengig av kostnadene knytt til dette.

Prosjektgruppa ønskjer dialog med næringsliv og organisasjonar og kan inviterast til møte av dei som ønskjer dette frå kommunen.

## Innsamling av informasjon – nivå 2

Alle som har kome med innspel til planarbeidet er på dette nivået. Alle får tilbakemelding om korleis deira innspel blir behandla undervegs i planarbeidet og får planforslaget tilsendt når dette blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Grunneigarar av bustad- og næringsområde som ikkje er regulert vil bli kontakta for å innhente informasjon om status for utviklinga av deira område.

## Tilgjengeleggjering av informasjon - nivå 1

Alle innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar vil høyre til her. Prosjektgruppa vil gjere informasjon om planarbeidet tilgjengeleg i ulike kanalar i ulike fasar av planarbeidet. *.- Tilgjengeliggjering av informasjon – heimeside og facebook (tilgjengeleggjering av informasjon). Informasjonsmøte i høyringsperioden. Offentlig ettersyn av planen – kunngjøres*

- *Varsel om oppstart:* Informasjon om planarbeidet og høvet til å kome med innspel til planprogram og til sjølve planen annonsert i lokal- og fylkesaviser, redaksjonelt oppslag i Bø blad, Midt-Telemarkmagasinet (distribuert til alle husstandar), heimeside og facebook. Ope plankontor på Kjernehuset og i Gullbring medan planprogrammet var på høyring. Brev med informasjon om godkjent planprogram til alle som hadde kome med innspel innan fristen 1.1.20. Ekstra informasjon om utsett frist for innspel på facebook og heimeside
- *Utarbeiding av planen:* Eigen artikkel for planarbeidet oppretta på heimesida der all informasjon er samla. Denne vil bli haldt oppdatert gjennom prosessen og alle innspel bli publisert og gjort synleg i kartløysing. Sosiale medier nyttast som plattform for offentliggjerung av informasjon som blir lagt på heimesida. Informasjon om planarbeidet i næringslivsfrokost i regi av MTNU.
- *Høyring av planforslag:* Planforslaget kunngjerast i lokal- og fylkesaviser. I denne fasen er det viktig å kome ut med tilstrekkeleg og forståeleg informasjon om planforslaget. Her er opne folkemøte eigna, og det bør gjennomførast eit ope møte der planforslaget blir lagt fram og forklart. Med streaming av møta kan ein og nå ut til ei større gruppe enn dei som vanlegvis oppsøker folkemøte.